

Saneringsnytt nr 3-2005

- Handel med livdyr - kontraktar og helseattest
- Flytting av dyr over fylkesgrenser
- Nytt informasjonsmateriell
- Ny fakturaadresse
- Ny sekretær i Helsetjenesten for geit
- Internett - kva skal vi bruke det til
- Nytt testopplegg for paratuberkulose og CAE

Handel med livdyr

Livdyrhandel er i utgangspunktet ikkje tilrådeleg dersom ein vil ha ein frisk geiteflokk.

I ein fase med smittesanering er dette likevel for mange eit nødvendig tiltak.

Det vil for nokon vera uråd å "snappe" kje, og for andre vil det vera nødvendig å supplere med innkjøpte kje for å koma opp i full besetning i løpet av ein sesong.

Det er då viktig at dette skjer på ein tryggast muleg måte.

Prosjektet ber om at det alltid fylgjer med helseattest ved livdyrhandel. Denne kan ein finne på internett på adressa: <http://leine.no/htg/sanering/info/salg/Helseattest.pdf>

Seljaren kan fylle den ut sjølv, då fungerer den som ein eigenerklæring, eller ein får veterinæren til å skrive den ut.

I tillegg til helseattest skal det skrivast kontrakt mellom kjøpar og seljar. Til hjelp her har prosjektet laga eit eige formular som ligg på denne adressa: <http://leine.no/htg/sanering/info/salg/Kjopekontr-livkje.pdf>

Denne kontrakten skal prosjektet ha kopi av, og kontrakten bør skrivast når ein planlegg saneringa, slik at ein unngår å koma i tidsnød og kanskje ikkje få tak i kje når tida er inne.

Flytting av dyr over fylkesgrenser

Prosjektet vil tilrå at ein kjøper friske livdyr så nær der ein bur som råd er. Men det vil av og til vera nødvendig å reise eit stykke for å få tak i dyr.

Det er til vanleg ikkje lov å flytta småfe over fylkesgrenser.

Det vil i saneringsfasen for mange bli aktuelt å søkja om dispensasjon frå dette forbodet. Då må ein sende søknad til det lokale mattilsynet, og ein må grunngje søknaden med at ein er med i prosjektet Friskere geiter.

Dette tek alltid litt tid, og dette må også vera med i planlegginga, i god tid før flyttinga skal skje.

Nytt informasjonsmateriell

Prosjektet har no laga eit lite hefte som skal vera informasjon til folk som vil veta litt meir om opplegget før dei går i gang. Dette kan ein få ved å vende seg til den lokale rådgjevaren eller til prosjektleiinga direkte.

Prosjektet vil også ha med slike hefte på samlingar for geiteprodusentar.

Du kan skrive det ut sjølv frå internett: <http://leine.no/htg/sanering/info/brosjyre/velkomstmappe.pdf>

Ny fakturaadresse

Dersom du skal sende rekning til prosjektet, må du endre adressa. Den nye adressa er no:

TINE BA

Regnskapsavdelingen,

v/Friskere geiter, TINE produsentrådgiving

Boks 25

0052 Oslo

Før også på prosjektnummer, som for dei fleste er **53104502**.

Ny sekretær i Helsetjenesten for geit

Tor Lunder sluttar no å jobbe i TINE, og sluttar dermed som sekretær for helsetjenesten for geit. Dette er eit tap for geitenæringa. Utan han sin medverknad hadde ikkje prosjektet vore der det er i dag.

Heldigvis får Tor ein svært god etterfylgjar, **Liv Sølverød**, styrar for Mastittlaboratoriet i Molde. Ho har vore med i prosjektet frå starten og kjenner godt til det som føregår. Ho har i tillegg til å ha full oversikt over laboratoriearbeidet også delvis vore aktivt med ute blant fleire produsentar i dei åra vi har drive på. Vi ynskjer henne lukke til i arbeidet og ser fram til eit godt samarbeid!

Internett - kva skal vi bruke det til

Det er ulike innspel om internettbruk. Det er ingen tvil om at det er eit godt og nødvendig hjelpemiddel i prosjektet. Det vi er i tvil om er kor mykje av opplysningar om kvar enkelt av dykk vi kan leggja ut på nettet. No ligg det ei liste over veterinærer i prosjektet (<http://leine.no/htg/sanering/kontakter/vetlist.pdf>), andre medarbeidarar, særleg TINE-tilsette (<http://leine.no/htg/sanering/kontakter/medarb.pdf>) og ”godkjende” leverandørar av livdyr (<http://leine.no/htg/sanering/info/salg/friske.pdf>). (Det siste er dei som har hatt minst ein prøveomgang med berre CAE-negative dyr. Ein må hugse på å leggje merke til kor lenge dyra til vedkomande har testa negativt.)

Dersom vi gjer det slik, er det lettare for dei som er med å finna fram til andre som er i same situasjon, og for eksempel få råd og hjelp, og avtale livdyrkjøp. Men prosjektet vil gjerne ha tilbakemelding på om dette er greitt, eller om det er andre måtar vi kunne utforme det på.

Testopplegg for paratuberkulose og CAE

Dette er no gått gjennom på nytt og styringsgruppa har vedteke fylgjande:

Testopplegg for paratuberkulose

Ved kartlegging

- *I områder uten tvungen vaksinasjon tas det prøver av den yngste årgangen for gammainterferontesting.*
- *I områder med tvungen vaksinasjon der det ikke er mistanke om aktiv paratuberkulosesmitte, ønsker vi at kjeene ikke vaksineres og tas prøver av for gammainterferontesting.*
- *Det blir gjort forespørsel til Veterinærinstituttet om det foreligger resultat fra OK-programmet*

Oppfølging etter sanering

- *I områder med påvist paratuberkulose: Teste alle dyr med IFN-gamma test en gang i året i minst tre år.*
- *I områder uten påvist paratuberkulose: Ingen oppfølgende testing.*

Dyr som er positive avlives, og prøver for patologi, dyrking og PCR sendes inn til Veterinærinstituttet i Oslo. Det vurderes om det skal gjøres ytterligere undersøkelser og tiltak i besetningen.

Testopplegg for CAE (etter sanering)

Tankmjølk to gonger i året - juni og september.

Blodprøver av kje så tidleg som råd og før dei er 5 veker gamle.

Blodprøver når dei er frå 5-6 mnd og oppover.

Deretter negative blodprøver kvart halvår tre gonger.

Deretter negative blodprøver kvart år, to gonger, før friskmelding for tre år om gongen.

Deretter blodprøver kvart tredje år.

Til slutt vil prosjektet ynskje alle deltakarar og medhjelparar ein riktig god sommar. Fyrste halvåret av 2005 har vore svært spennande og mange nye er komne med. Dette vil halde fram også i resten av året, og vi ser fram til ein aktiv haust.

Vang den 27. juni 2005

Nils Leine